



Uskedelingen og veteranbåtentusiastene Harald Sætre har eit utrueleg fotoarkiv med omsyn til båtmotiv. Han har no, som eit apropos til artikkelen om Tyr/Bjørn West sendt oss fleire bilete av båten og tillegg bilete av Haus, som også fekk eit interessant liv etter krigen.



Biletet av Bjørn West i rute tok Sætre på slutten av 1970-talet då ferja gjekk

på Duesund-Masfjordnes-Sæveråsvåg.



Biletet ned mot dekket på Bjørn West vart teke ved Duesund i 1979 og viser kor trangt det kune vera ombord.



Det tredje biletet er frå ifjor og viser båten i opplag i Toftevåg på Halsnøy.
Den er no eigd av eit veteranbåtlag

og skal eventuelt fredast.

Det siste biletet er av MS Listein, som under krigen var DS Haus.
Den er her under ombygging hos Mjellem & Karlsen i Bergen i 1984
i samband med at han skulle nyttast i filmen Orions belte.